

Til Statens Vegvesen

Region sør

Pb 723

4808 Arendal

firmapost-sor@vegvesen.no

Geilo, 21.okt 2016

Høyringsuttale: «16/36312 KVU rv.7 og rv.52 Gol-Voss»

Hardangerviddarådet (HVR) er ein møteplass for dei viktigaste offentlege aktørene rundt Hardangervidda - for dialog, erfaringsutveksling og felles oppgaver knytte til forvaltning og bærekraftig bruk av Vidda. I HVR sit alle dei ni Hardangerviddakommunane og dei tre fylkeskommunane med sentrale politiske representantar. I tillegg er dei tre Fylkesmennene og leiar i Villreinnemda medlemmar.

HVR vart oppretta som direkte oppfølging av **Regional Plan for Hardangervidda**, som vart initiert av dåverande Miljøvernminister Helen Bjørnøy i 2007. HVR har som hovudoppgåve fylgje opp dei føringane som ligg i Regional plan for Hardangervidda, som vart vedteken i 2011 av Fylkestinga i dei tre fylka Hordaland, Buskerud og Telemark.

I oppdragsbrevet frå Miljøverndepartementet, dagsett 12.april 2007, som seinare resulterte i Regional plan for Hardangervidda, skreiv Bjørnøy at Norge har teke på seg eit internasjonalt ansvar for å ivareta dei siste villreinstammene i Europa. Klipp frå brev frå 12.april 2007 :

Regjeringen vil intensivere innsatsen for å stanse tapet av biologisk mangfald innen 2010. Norge er det eneste landet i Europa som har intakte høyfjellsøkosystemer med bestander av villrein. Vi har derfor et internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og de naturlige leveområdene den er avhengig av. Villreinområder som er spesielt viktige for artens framtid i Norge vil få status som nasjonale villreinområder, og det vil bli

Lenger nede i brevet frå Bjørnøy står fylgjande:

- Det skal fokuseres på å opprettholde og utbedre mulighetene for vandring og utveksling av villrein mellom tilstøtende nasjonale villreinområder innenfor de europeiske villreinregionene.

Dette vart dermed heilt sentrale føringar for arbeidet med Regional Plan for Hardangervidda og i samandraget til plandokumentet er det skrive:

«... I brev datert 12.april 2007 fikk fylkeskommunene i oppdrag å utarbeide planer for en helhetlig forvaltning av fjellområder som er spesielt viktige for villreinens framtid i Norge»

Vidare står det i plandokumentet at:

«Planarbeidet har særlig understreket den samfunnsmessige betydning av vinteråpen Rv7 med forbedrede krysningsmuligheter for villreinen. En viktig oppfølgingsoppgave av det regionale planarbeidet er å være pådriver for videreføring av arbeidet med utbedring av Rv7 med sikte på trafikkmessig sikrere veg og bedre krysningsmuligheter for villreinen. Både utbedring av eksisterende trasé og/eller ny Hardangerviddatunnel er viktige tiltak.»

Villreinen på Hardangervidda og dét å sikre nødvendige hensyn til denne særarten i vår fjellfauna var den aller viktigaste enkeltfaktoren for at arbeidet med Regional plan for Hardangervidda vart sett i gang av Miljøvernminister Bjørnøy i 2007. No har Stortinget ein gylden anledning til å gjera eit historisk viktig vedtak som vil ha enorm betydning for villreinen si framtid i Norge.

HVR vil påpeika at omsynet til villreinen er altfor lite vektlagt i KVVU-en. Det er for oss både uforståeleg og uakseptabelt at villrein-omsyn er så tilsidesett i dette som skal vera eit fagleg grunnlagsdokument i ei sak som har så store konsekvensar for villreinen.

Villreinen inntok fjell-landet som opna seg når isen trekte seg tilbake frå det som i dag er Hardangervidda og Hallingskarvet etter den siste istida for om lag 10.000 år sidan. I hælane på villreinen kom også dei fyrste fangstfolka. Desse jegrane var dei fyrste menneska som nytta moglegheitene som villreinen og dette landet gav. Dei siste godt og vel hundre åra har villreinen og villreinen sine leveområde vorte meir og meir påverka av menneskeskapt aktivitet og infrastruktur. For villreinen er fragmentering av leveområda ein av dei største truslane mot ei berekraftig framtid.

Hensynet til villreinen er tema i svært mange saker og nesten utan unntak er det slik at dette hensynet set begrensingar på utviklinga lokalt og regionalt. Dette er saker som ofte har marginal betydning for villreinen. Saka om lang tunnel under Hardangervidda er derimot ei sak som faktisk vil ha særdeles stor betydning for villreinen.

Alle med villrein fagleg kompetanse er heilt samstemde i at det er lang tunnel som er den einaste verkeleg gode og langsiktige løysinga for villreinen.

Lang tunnel:

- gjev villreinen tilbake eldgamle trekkruiter.
Det vil opna ein fri korridor mellom Norges største villreinområde (Hardangervidda) og det tredje største (Nordfjella). Trekkruta over Bergensbanen er allereie reetablert over den 10 km lange Finsetunnellen. Og lang tunnel på Rv7 vil gje ein enno betre korridor for villreinen her enn det Finsetunnellen er på Finse.
- Meir utveksling mellom villreinområda vil sikre betre genetisk variasjon og på sikt gje ei meir berekraftig villreinstamme
- gjev villreinen tilgang til viktige beiteområder.
Nordfjella-reinen,- kan koma sørover Vidda på vinterstid og Hardangervidda-reinen får tilbake viktige sommarbeite rundt Hardangerjøkulen. Og i enkelte år kan også Nord-vidda bidra med vinterbeite for Vidda-reinen. Reinen vil generelt vera mindre utsett for matmangel pga til dømes vintrar med mykje nedising av beita. Stort areal betyr mindre fare for at alle beiteområde vert nedisa.
- vil bety at eksisterande veg vert vinterstengd, - noko som vil redusera den menneskelege aktiviteten vinterstid som er «spinoff» som følgje av at Rv7 er brøyta/open. Eksempelvis gjeld dette kiting som etter kvart har fått eit stort omfang. Og kiting er dokumentert at skapar svært stor «flukt-reaksjon» hjå villrein. (Forskningsrapport Reimers, Lilleeng, m.fl)

- vil bety at brøytestikkene kan fjernast på eksisterande Rv7. Desse brøytestikkene åleine utgjer eit hinder for dyra, - dei framstår som eit gjerde som reinen helst vil unngå.
- vil kunne bety at eksisterande veg ikkje treng verta opna før i juni, og vil truleg verta stengd att i oktober/november. Det er også mogeleg å vurdere nattstenging av denne vegen om sommaren mellom f.eks Tråastølen og Ørteren. Dette for å sikre at lang tunnel skal ha maksimal effekt for villreinen også i sommarhalvåret.

Alle andre løysingar enn lang tunnel betyr at sjansen for å gjera den beste og rette løysinga for villreinen er spolert for svært lang tid. Mindre opprustingar av dagens trase, eller nokon korte tunnellar vil bety så store investeringar att lang tunnel vert uaktuell i mange årtier. Å ikkje gjera det rette for villreinen no betyr at sjansen er borte for generasjonar.

HVR vil påpeike at Stortinget med denne samferdslesaka skal gjera vedtak som vil ha enorm betydning for villreinen i Norge. Med lang tunnel under Rv7 vil villreinen på Hardangervidda i praksis få tilbake eit areal som tilsvarar om lag 1/5 del av leveområdet sitt, - eit område som villreinen nesten ikkje har brukt dei siste 30 åra på grunn av barriere-effekten av Rv7. I tillegg opnar lang tunnel for fri utveksling mellom Hardangervidda og Nordfjella, i samsvar med målsetjing i oppdragsbrevet frå Miljøverndepartementet i 2007. Dette er i sum av så stor viktighet for villreinen at det må lyftast fram som eit langt meir vektlagt argument enn det som kjem fram i føreliggjande KVVU for Rv7 og Rv52 Gol-Voss.